



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/876 - 14/11609

Saksbehandlar:  
Kjersti Flatråker  
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:  
23.10.2014

## Delingssak gbnr 52/2 Kolstad - søknad om deling - eksisterande heilårsbustad - dispensasjon i frå arealføremål LNF i kommuneplan - oversending av vedtak for klagevurdering

### OVERSENDING AV VEDTAK TIL KLAEGEVURDERING

Saka gjeld søknad om deling av eigedom på Kolstad i Radøy kommune.

#### Planstatus

Området er i kommuneplan for Radøy satt av til arealføremål LNF – landbruk, natur og friluftsliv og det er søkt dispensasjon i frå dette tilhøve.

#### Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15. oktober 2014, der følgjande vedtak vart fatta:

#### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 084/2014

#### **PLT - handsaming:**

*Hovudutvalet vedtok samråystes rådmannen si tilråding.*

#### **PLT - vedtak:**

*Det vert gjeve dispensasjon og løyve til deling av eigedom med våningshus på gnr. 52 bnr. 2 på følgjande vilkår:*

1. *Eigedomen kan vere inntil 2 mål og skal arronderast naturleg i terrenget rundt eksisterande bustad.*
2. *Eigedomen skal ha tinglyst rett til å nytte eksisterande tilkomstveg på gnr. 52 bnr. 2.*
3. *Eigedomen skal ha tinglyst rett til å føre fram vatn- og avlaupsleidningar over gnr. 52 bnr. 2.*
4. *Eigedomen får gjerdeplikt.*
5. *Det må søkjast om utsleppsløyve og tilkobling til offentlig leidningsnett.*

*Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak byggje- og deleforbodet ikkje vert vesentleg til sidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (tbl) § 20-1m, jf. § 19-2, § 11-6 og § 27-2, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.*

*Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.*

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post eller på telefon 56349000.

Med helsing

Kjersti Flatråker  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Delingssak gbnr 522 Kolstad - søknad om deling - heilårsbustad - vedtak etter jordlova

Delingssak gbnr 52/2 Kolstad - deling eksisterande einebustad - dispensasjon i frå arealføremål LNF i kommuneplan

Søknad om deling

Kart

Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

Sak 14876 Delingssak gbnr 522 Kolstad - søknad om deling - dispensasjon frå LNF-føremål i kommuneplan - oversending for høyring

Delingssak Gbnr 52/2 Kolstad - søknad om deling

Delingssak Gbnr 52/2 Kolstad - søknad om deling

Delingssak gbnr 522 Kolstad - mellombels svar og oversending til landbrukskontoret

Delingssak gbnr 522 Taule - vurdering etter jordlova

**Kopi til:**

Karl Atle og Eva Karin Taule

Radøyvegen 1400 5936

MANGER

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN